

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 44/2007

Møtedato: 4.7.07

Arkiv nr: S 609

## **S 609, Nørre Trøllhøvd – søknad om nytt sel**

Olav Einang søker om å få føre opp nytt sel på stølen.

Einang opplyser at stølen er i eige bruk til slått. På stølen er det frå før to uthus på 13/21 m<sup>2</sup> og eit sel på 51 m<sup>2</sup>(BYA). Søkjaren ynskjer å føre opp eit sel på 60-70 m<sup>2</sup>. Det er ikkje utarbeidd teikningar fordi han fyrst ynskjer å få avklara om han får løyve til bygging.

Bygging på støl i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnyttning av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Statskog skriv i brev datert 1.9.05 følgjande:

*Under forutsetning av at stølen er ibruk ut fra eget bruk, og det er behov for bygget i forbindelse med stølsdrifta, har vi ikke merknad til oppføring av nytt sel på 60-70 m<sup>2</sup>. I og med at stølen brukes til forproduksjon, skulle det ikke være behov for 2 sel og vi regner med at gamle selet skal rives.*

I sak 36/05 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret er positive til at Olav Eingang får føre opp nytt sel i den storleik som er skissert på vilkår av det gamle selet blir rive.*

*Endeleg løyve kan ikkje gjevast før enn det er lagt fram teikningar på nytt sel. Fjellstyret vil sjå på saka under befarung i juni før ein kan godkjenne plassering av selet.*

Fjellstyret såg på sak saman med søkjaren og Statskog under befarung den 12.6.06.

Søkjaren har vurdert eksisterande sel på nytt og funne at det er mulig å bygge på huset i staden for å rive det. Grunnriss er lagt ved søknaden og viser eit areal på ca 70 m<sup>2</sup> (BYA) etter tilbygg. Det er ikkje med andre teikningar av selet. Søkjaren opplyser at tilbygget skal ha same takvinkel og høgde som eksisterande sel. Det skal vera småruta vindaug i heile selet. Det vil bli eit lite vindaug i soverom 1 som ikkje står ført opp på grunnrisset. Eksisterande tak av eternit skal fjernast og erstattast med bordtak. Heile selet skal panelast med villmarkspanel.

Søkjaren ynskjer å koma i gang og ber om at fjellstyret kan gjera vedtak før oversending til Oppland fylkeskommune. Han kan då starte arbeidet når uttale frå Oppland fylkeskommune ligg føre utan å måtte vente på neste fjellstyremøte.

### **Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskrifta. Vilkåret for godkjenninga er at søkjaren fører opp bygget i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune.

Om bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.7.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Olav Einang, Statskog, Vestre Slidre kommune